

# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

OKTOBER 1983

37. årg.

### Nesheim kyrkja 75 år



Jubileia i Eksingedalen er ennå ikkje til ende. Nesheim kyrkje vert 75 år, og det vil vi markera den 27. november. Noko stort jubileum er det ikkje lagt opp til, men litt ekstra må det vel verta. I lengre tid har arbeidet for å få gjort noko med veggene inne i kyrkja. Dei flassar mykje av. Vi er rådde til å luta dei av, og vonardet kan vera gjort til jubileumsdagen. Dette vert ei restaurering, for kyrkja vart ikkje måla innvendes før til 50-årsjubileet.

Dei fyrste planane for kyrkjebygg på Nesheim kom i 1897, då dei fekk ei Amerika-gåve på 2000 kr. Elleve år seinare stod kyrkja ferdig. Tidlegare hadde det vore ein gravplass her. Me finn denne gravplassen ikkje langt frå kyrkja.

Nesheim vart overførdr til Vaksdal i 1968. Tidlegare hørde kyrkja til Evanger. Prestane måtte gå over fjellet. Ei minnestøtte oppe på fjellet fortel om ein prest som døydde her på veg til gudsteneste.

Så ynskjer me alle vel møtt til Nesheim den 27. november. M.O.S.

#### Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medarbeidarar: Skrivarane i sokneråda. Kassarar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73, bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal. Bladpengar kr. 25,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.

# Abortinngrep skaper nød hos helsepersonellet: Store samvittighets- konflikter blant

— Jeg føler meg som en morder hver gang jeg må foreta et abortinngrep, og dagen er ødelagt når jeg har sittet i abortnemnda.

Av JOHAN BEHRENTZ

Det er overlege Helge Jenssen ved Fødeavdelingen på Aker sykehus som betror Dagen den samvittighetskonflikt som han føler i forbindelse med utøvelse av den nåværende abortloven. Han gjør seg samtidig til talsmann for mange innen helsevesenet som medvirker til abort.



Fjerning av levende fostere skaper store konflikter for norsk helsepersonell.

## Konflikter

I Sverige viser en undersøkelse som abortkomiteen i sosialdepartementet har foretatt, at syv av ti leger og pleiere opplever konflikter i forbindelse med abortinngrep. Undersøkelsen er foretatt ved seks kvinneklinikker i Sverige, og hele 90 prosent har deltatt.

Det er ikke gjort lignende undersøkelser i Norge siden den nåværende abortloven ble innført i 1979. Formannen i Norges kristelige legeforening, Sverre Stray Pedersen, bekrefter overfor Dagen at mange leger har store samvittighetskonflikter i forbindelse med slike inngrep. Mange unngår derfor å utdanne seg til stillinger hvor de må regne med å gjøre abortinngrep.

## Få tall

Overlege Tor Ødegård i Sosialdepartementet sier til Dagen at det eksisterer et fåtall leger som har bedt seg fritatt fra å delta i abortinngrep. De representerer derfor ikke noen hindring for at abortloven kan bli gjennomført.

## Menneskelig


— Det er rent menneskelige følelser som har fått meg til å reagere så sterkt på abortinngrep. Som leger er vi satt til å ivareta liv, ikke å ta det, sier overlege Helge Jenssen. Han er også nokså oppgitt over Den norske legeforening som ikke ser ut til å forstå den konflikten som mange av medlemmene kommer opp i i forbindelse med abortinngrep. Selv er han ikke medlem i foreningen som han mener er alt

# leger

vi må ta stilling til, f.eks. prenatal diagnostikk, sterilasjon osv. Vi har anledning til å be oss fritatt fra å gjøre inngrep, men vi er pålagt å gi veiledning. Den kristelige legeforeningen har et utvalg som kan bistå leger som kommer i vanskeligheter på grunn av sin samvittighet, men som oftest ordner de det selv ved å ta jobber som ikke griper inn i deres integritet, sier Stray Pedersen til Dagen.

DAGEN, TIRSDAG 8. SEPTEMBER 1983

ETTER BØRRE KNUDSEN-DOMMEN.



Skal tru kven som gøymer seg attom skjørtet til fru Justitia (les: Høgsterett)? Det skulle vel ikkje vera kyrkjepolitikarar og kyrkjefyrstar som seier at Børre er avsett, makta rår, og me kan ingenting gjera med det??

EMBTSEIDEN FOR PRESTAR. Nokre prestar har tala om å dra attende embetseiden. Det spørst om det trengst. For når innhaldet i Grunnlovi vert endra, har ho drege seg attende, og då er den Grunnlovi embetseiden var bunden til, borte!

PERS.



BLI MED 83.

Hausten 83 skal det vera ein landsomfattande aksjon for søndagsskolen under dette mott. Målet for denne aksjonen er:

- \* Å VEKKJA KRISTENFOLKET TIL STØRRE SYN FOR SUNDAGSSKULEN
- \* Å GJERA FORELDRA INTERESSERTE I SUNDAGSSKULEN:
- \* Å FÅ FLEIRE BØRN TIL Å GRÅ DIT.
- \* Å FÅ FLEIRE ARBEIDARAR I S.S.K.

Også her i Vaksdalprestegjeld vil me gjennomføra aksjonen, men det vil stå den einskilde krinsen fritt korleis dei vil gjera det. Nokon vil gå på husbesøk, og me vil be dykk ta vel imot oss når me kjem, anten me ringjer på heime hjå dykk, eller me utfører aksjonen på annan måte.

DET GJELD SUNDAGSSKULEN OG BØRNA FOR JESUS!

For Vaksdal Søndagsskulelag  
Gunnar Rene.



Der var han!



Ringen for visst litt høgt, men moro var det lell!

JÅ TIL SØNDAGSSKULEN ?

Sjølvsagt, vil mange seia. Og det kan merkast at mange meiner det. Mange sender borna til søndagsskolen, og det vert sagt mykje godt om arbeidet. Krinsarbeidet gjeld å få i gang nye søndagsskular, og haldå ved like dei som er. Likeeins vil me gje hjelp til dei ca 1300 frivillige arbeidarane i krinsen, med materiale, kurs og orientering.


TIL ALT DETTE TRENGST DET MIDLAR!

Økonomien er bygd på frivillige gåver, og det er ingen grunn til å løyna at denne hausten er det rekordunderskot på drifta. I dei tre første kvartal har me berre fått inn 1/4 av det som trengst for 1983!

Me er trygge på at søndagsskolen sine vener - foreldre og andre - vil hjelpa krinsen å koma i balanse igjen. Bergens Søndagsskulekrins er difor svært takksam for små og store gåver!

FRÅ SUNDAGSSKULEDAGEN PÅ STAMNES 11.9. med søndagsskulane frå Stamnes og Eksingedalen. Etter familiegudstenesta og matøkt var det sporleik og andre leikar for born og vaksne, til gleder for dei som var med, og dei som såg på!

KVEN ER SUNDAGSSKULEN FOR?



Løys rebusen, og finn svaret!

# Eksingedalen kyrkje

## 100 år



Det har stått fyldige reportasjar i avisene frå jubileet, og me skal ikkje ta oppatt so mykje. Den nyflidde kyrkja var fullsett, i kor, midtgang og på orgellemen. Kring 100 menneske soknar til kyrkja, men denne dagen var det vel kring 200 samla til høgtid! Skulle det ha vore tilsvarande ved jubileet på Dale og Vaksdal, hadde det vorte trøngt om plassen! So får me vona og be om at "folket i samlyndt kristentru glade i kyrkja seg flokkar" når jubileumsdagane er over, og--.

Kyrkja med det nye tilbygget.



Prestane som var med, frå v. prost Østtveit, sp. Asmund Farestveit, vik. biskop, domprost Nils Monstad, førsteamanuensis Olav Farestveit, sp. Hans Salomonsen, rk. Sønnesyn og sp. Steinnes.



Bokskrivarane Asmund og Olav Farestveit. Dei fekk vakre blomar og takk for velgjort arbeid. Løn for arbeidet ville dei ikkje ha. Men beste løni ville vera at det var mange som ville kjøpa og lesa "Kyrkje og kristenlivi i Modalen og Eksingedalen"!



### 100-ARSJUBILEET - EIN FOLKEFEST.

Ofte er bilete frå kyrkjejubileum berre av oppstelte prestar. Bileti på denne sida syner at jubileet var ein folkefest. Her ser me kor fullt det var på Ljosheim, der unge og gamle var samla til festsamvær. Til og med i gangen måtte dei duka bord for at alle skulle få plass!

## Minnehøgtid for NILS LAVIK

Til vanleg er det helst romsleg på kyrkjevegen til Flatekvål sundagsmorgonane. Men den 4. september var det stor trafikk. I ni-tidi passerte bilkortesjen med Kr.f. folk Vaksdal. Men endå ein time seinare var det mange bilar på vegen. Og frå Nese og oppover var det rein køkøyning, -eller kan henda det var slutten av kortesjen me kom borti? Kyrkja var meir enn fullsett med folk ved gudstenesta, og mange måtte stå ute. Sokneprest Steinnes forretta, misjonskvartetten frå Dale song, og Lars Korvald heldt ei manande preik over teksten på dagen, om dei ti spedalske. Og salmesongen var fulltonande, ikkje minst på Laviksalmen "Eg lyfter mitt auga, min Frelsar til deg."

Føre avdukingi las Gerda Myksvoll gode dikt som faren, Nils Lavik hadde skrive. Kjell Bondevik heldt avdukingstalen med velvalde ord. Men ein kunne undrast på kva Nils Lavik ville ha sagt til at same mannen skulle verta den som i praksis skal "eksekvera" Børre Knudsen-dommen. Det spørst om bonden, Lekpreikaren og bibelskulestyraren var so mykje politisk at han ville ha vore "tilpasningsdyktig" nok i dag--.



### RETTINGAR:

Åsvald Lavik takka og sa gode ord om faren, før plaskregnet kom og ja-ga folk i bil og hus. Æleine att stod minnestøtta. Og når me går framom henne på vår kyrkjeveg vil me først og fremst minnast kristenmennesket Nils Lavik, og det fulltonande kristne vitnemålet hans.

I septembernr. hadde det kome inn nokre feil, som truleg dei fleste såg med det same: Konfirmantlista var frå 17.9.1933, 50-årskonfirmantane. Eit namn var feilskrive, Finn Synsvoll. Og det var Birger OLSNES som song ved gudstenesta i Bruvik kyrkja 7. august.

## MENIGHETSFAKULTETET 1908-1983

# Kvifor Menighets-fakultetet i dag?



AV DEKANUS,  
PROFESSOR, DR. THEOL.  
TORLEIV AUSTAD

Menighetsfakultetet (MF) har hatt sers mykje å seie for norsk kyrkjeliv i det 20. hundreåret. Den teologi MF står for, har i høg grad hatt innverknad i kyrkjelydar, kristne organisasjonar og kyrkjelege institusjonar. For fakultetet er det no, som ved starten for 75 år sidan, om å gjere å streka under tilliten til Bibelen som Guds ord, fremja forståing for den evangelisk-lutherske vedkjenning og vere på vakt mot liberal teologi av gammal og ny type. MF har som mål å gje teologisk utdanning for prestenesta, for

anna teneste i kyrkja og for teneste i skulen «på grunnlag av Guds ord og kirkens evangelisk-lutherske bekjennelse» (Grunnreglane § 1). Denne basis har gjort det mogeleg å tilføre vår kyrkje ein positiv teologi.

Det er eit sunt og godt prinsipp at kyrkjelydane tek ansvar for utdanninga av prestar og andre lærarar i kyrkja. Presteutdanninga er verkeleg ein av livsnervane i kyrkja sitt liv. Det såg dei som reiste MF, og det ser dei som har omsorg for fakultetet i dag. MF ynskjer di-



for nær kontakt med kyrkjelydane om denne store oppgåva. Dinst ber fakultetet om økonomisk stønad. Det er også turvande å ha eit nært høve til kyrkjelydne for å kunna greia den delen av fakultetet sine oppgåver som består i å skulla «lede til forståelse av det kristelige liv og det kristelige arbeid ute blant folket» (Grunnreglane § 6). I namnet Menighetsfakultetet ligg eit program for ein ordna to-vegs trafikk mellom kyrkjelyd og fakultet. Vi treng å lære av kvarandre. Kanskje kan ein seie at kyrkjelydane får dei prestar, kateketar og kristendoms lærarar som dei gjennom bon og omsorg har hjelpt til med å utdane.

Ein kan få eit klårara bilete av MF sitt særpreg ved å samanlikna den teologiske og kyrkjelege situasjon i Noreg

med kyrkjer der kyrkjelydane ikkje tek aktivt ansvar for prestutdanninga. Det som har hendt i fleire av desse kyrkjene, er at den teologiske forskinga og undervisninga har vorte isolert i høve til livet i kyrkjelydane. Resultatet er at teologien har vorte ein-sided akademisk og i mange høve radikal, og at teologistudentane sitt gudsliv og deira kyrkjelege mål har kome i bakgrunnen. For å motverke ei slik utvikling kan kyrkjelydane ta hand om utdanninga av tenarar i kyrkja. Det er dette som har hendt i Noreg, og som vi har grunn til å vere takksame for.

MF treng framleis impulsar og omsorg frå levande kyrkjelydar, og vil gjere sitt til å rett-leie kyrkjelydane ut frå Guds ord og kyrkja si vedkjenning.



JUBILEUMSHELSING FRÅ  
MF-STUDENTEN, MF-  
REKTØREN OG BISKOPEN  
BJARNE O. WEIDER

Eg har opplevd Menighetsfakultetet frå 3 ulike posisjonar.

Først som student, då møtte eg ein kristen fellesskap, ein konstruktiv teologi og ein sjelesorgjarvarme som gav meg frimod til å gå ut som prest.

Om lag 25 år etter var eg innanfor veggane på MF att, då som rektor ved det praktisk-teologiske seminar, der kandidatane etter eit langt teoretisk studium fekk den siste «finpusen» før dei skulle ut i teneste. Ulike var dei i legning og kyrkjelyd og andre ting, men dei var trygt forankra i vår kyrkje si vedkjenning. Og det er ingn sjølv-sagt ting.

Seinare møtte eg som biskop mange av dei ute i felten og kunne glede meg over deira innsatsvilje, arbeids glede, forkyning og store

evne til å få kontakt med kyrkjelydane. Når historia til kyrkja vår i dette hundreåret skal skrivast, er eg overtydd om at Menighetsfakultetet vil vere eit av dei viktigaste trekk i kyrkjebiletet. Det mange trudde skulle verte eit teikn på kloyving, har i roynnda verka samlande i Den norske kyrkja, bygd bru mellom dei ulike arbeidslaga på vår kyrkje sin grunn, og vore med på å kanalisere åndeleg kraft innanfor kyrkja. MF er ein så sentral institusjon i norsk kyrkjeliv at du stor det meste av det kristne arbeidet når du stor det.

Å gjere Menighetsfakultetet fri frå økonomiske problem skulle vere ein fin måte for kyrkjelydar og organisasjonar å syne takksemid på for det MF har gjort for norsk kristenliv.

Bjarne O. Weider



### FAKTA OM MF (pr. august 1983)

- ★ Skipa 1907. Undervisninga starta i 1908
- ★ Talet på lærarar: 40
- ★ Talet på studentar: ca. 700
- ★ Tal på dei som har tatt eksamen:
  - teologisk embetseksamen: 2617
  - eksamen frå kr.d.inst.: 2536
  - eksamen frå Kateketseminaret: 35
- ★ Gjelden på MF-bygget er nå 2 mill. kr.
- ★ Gje ei jubileumsgave til MF du og!
  - postgiro: 5 12 87 80
  - bankgiro: 6038.30.18636
  - MF, Gydas vei 4, Oslo 3

# VELKOMEN TIL KYRKJE

## DALE:

- 23.10. - 22.s.e.p.Kl.11.00:  
Sp.Steinnes.Fam.gt.  
Barnekoret.
- 30.10. Bots- og bededag kl.19.  
Sp.Steinnes.
- 6.11. Helgemessesundag kl.20:  
Sp.Steinnes. Felleskoret.  
Nv.
- 4.12. 2.s. i advent kl.19.00  
Sp.Steinnes. Lysmessa.  
Ten Sing.

## VAKSDAL

- 16.10. 21.s.e.p. kl.11.00.  
Rk.Sønnesyn.Familiegudst.  
Utdeling av Mi kyrkjebok.  
Barnekoret.
- 30.10. Bots-og bededag kl.11.00:  
Sp.Steinnes.Nv.
- 6.11. Helgemessesundag kl. 18.00:  
Felleskoret og rk.Sønnesyn.
- 20.11. Siste søndag i kyrkjeåret  
kl.11.00:Sp.Steinnes. Nv.
- 27.11. 1.sundag i advent kl.18.00:  
Lysmessa.Rk.Sønnesyn og  
konfirmantane.
- 4.12. 2.s.i advent kl 11.00:  
Sp.Steinnes. Nv.

## BERGSDALEN

- 13.11. 25.sundag etter pinse kl.11:  
Rk.Sønnesyn.Familiegudst.

## EKSINGEDALEN

- 23.10. 22.s.etter pinse kl.11.00:  
Rk.Sønnesyn.Fam.gudst.
- 13.11. 25.s.e.pinse. Kl.16.00:  
Rk.Sønnesyn.Nv.
- 6.11. Helgemessesundag Kl.11.30:  
Sp.Steinnes. Nv.
- 27.11. 1.sundag i advent kl.11.30:  
Sp. Steinnes og rk.Sønnesyn  
75-årsjubileum.Kyrkjeskys.

## NESHEIM

- 6.11. Helgemessesundag Kl.11.30:  
Sp.Steinnes. Nv.
- 27.11. 1.sundag i advent kl.11.30:  
Sp. Steinnes og rk.Sønnesyn  
75-årsjubileum.Kyrkjeskys.

## STAMNES

- 16.10. 21.s.e.p. kl.11.00:  
Sp.Steinnes.Familiegudst.  
Kyrkjeskys.
- 6.11. Helgemessesundag kl.11.00:  
Rk.Sønnesyn. Nv.
- 4.12. 2.s. i advent kl. 11.00  
Sp.Steinnes. Nv.

## EIDSLAND

- 16.11. 21.s.e.pinse kl.17.00:  
Sp.Steinnes, Nv.
- 30.10. Bots og bededag kl.11.00:  
Rk.Sønnesyn.Familiegudst.
- 4.11. 2.s. i advent kl.11.00.  
Rk.Sønnesyn.
- STANGHELLE BEDEHUS
- 20.11. Siste søndag i kyrkjeåret  
Kl.11.00. Sp.Steinnes.  
Familiegudsteneste.

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPT

#### DALE

- 28.8. Vidar Johannessen  
" Vibecke Nielsen  
"Lise-Janet Nottveit  
11.9 Ann-Christin Grenasberg.



#### BERGSDALEN

- 28.8. Monika Dalseid

#### STAMNES

- 28.8. Geir Anders Straume  
11.9 Kim Nataniel Solvi

#### VAKSDAL

- 21.8. Henrik Mogens Gundersen  
4.9. Daniel Fanebust  
25.9. Ole Vikøren (Stord)  
2.10. Eivind Aakre Steinsbø

### VIGDE

#### BERGSDALEN

- 17.9. Anne Lise Lid og  
Jonny Bergo.



#### AVLIDNE

#### DALE

- 18.8. Henrik Olsnes f.1904  
16.9. Egil Hellestræ f.1925.



#### STAMNES

- 1.9. Ingeborg Vik, f. 1893.

#### VAKSDAL

- 13.9. Lars A.Boge, f.1905.